

S T Y R E B U L L E T I N M A I 1 9 7 9

frå LS i Landsforbundet av Raude Kor og Korps.

INNHALD:

- 1) Om det komande Landsmøtet i Landsforbundets.
- 2) Landsforbundet si framtids.
 - a) Nokre ord til innleiings.
 - b) Framlegg til endra oppbygging - skisses.
 - c) Grunngeving; frå diskusjonen i LSs.
- 3) Økonomikampanja - kva no?s.

HEI, styrefolk i dei raude kora og korpsa!

Vi vonar dette når dykk i god tid før koret eller korpset tek ferie, og bed dykk gjera heile innhaldet kjend for medlemene ved fyrste høve.

For Landsstyret
Jon Egil

1) OM DET KOMANDE LANDSMØTET I LANDSFOREBUNDET

Landsstyremøtet i Bergen 12. og 13. mai vedtok følgjande: Landsforbundet av Raude Kor og Korps held sitt andre Landsmøte den 3. og 4. november dette året i Trondheim.

Landsmøtet kjem til å handsane:

- Beretning og rekneskap.
- Endring av organisasjonsoppbygging, plattform, vedtekter.
- Arbeidsplan, budsjett og val.

Viktigaste saka blir sannsynlegvis spørsmålet om korleis Landsforbundet skal sjå ut i framtida - som er teke opp i denne styrebulletinen. Dei andre sakspapira vil bli sende ut 15. august, seinast. Fristen for kommentarar frå grunnorganisasjonane er 15. september. Redigerte sakspapir vil så bli sende ut saman med endeleg innkalling til delegatane 15. oktober.

Pga. dårleg økonomi sentralt vil sakspapira bli sende ut i avgrensa opplag. Det står dykk fritt å kopiere opp lokalt.

Eller minner vi om vedtekt nr § 21: Berre grunnorganisasjonar som har betalt forbundskontingenten kan sende delegatar med fulle rettar. Kontroller at kontingenten er betalt i tide!

Så over frå det formelle til litt meir spennande saker:

2) LANDSFORBUNDET SI FRAMTID

a) Innleiing.

I siste nummer av Gjallarhorn (nr. 2/79) påla vi dykk å halde minst eitt møte om plattformspørsmålet før sommaren. Sidan den leiaren vart skriven har diskusjonen gått vidare både i Landsstyre og Sekretariat, og LS-møtet nyleg slo fast at tida er inne for å gå endå grundigare til verks: Vi må på ny stille spørsmålet om kva slag landsforbund det er bruk for. Kva fortel dei oss, dei røyntslene vi har gjort sidan Landsforbundet vart stifta hausten 1977? Er det grunn til å sjå annleis på tinga no enn vi gjorde då?

Landsstyret drog den slutninga at det er grunn til å gjera omfattande endringar i innrettinga og oppbygginga av Landsforbundet, og utarbeidde eit framlegg som vi gjev att nedanfor (pkt. b)). Desse endringane vil naturleg nok få følgjer både for plattform og vedtekter. Sidan desse endringane er såpass omfattande, som de vil sjå av framlegget, bør diskusjonen om det koma i gong så raskt som råd.

Kor og korps som enno ikkje har gjennomført den pålagde plattformdiskusjonen, bør trekke inn heile denne artikkelen som grunnmateriale. Andre kor og korps må minimum syte for at heile framlegget og grunngevinga er kjend for alle medlemene før ferien, slik at alle i det minste kan ta til å tenke over det og diskutere det uformelt. Ikkje vent med å sende inn kommentarar.

b) Framlegget (som førebels er ei skisse).

- Landsforbundet (LF) held fram som medlemsorganisasjon, men dei sentrale funksjonane (idag: LS, Sekretariat, avis) forenklast, og leiinga samlast geografisk. x)

- LF blir ein service- og koordineringsorganisasjon (og i liten grad ein sentralistisk organisasjon). Berre notebanken og avisa oppretthaldast. Leiinga for notebanken blir den reelle leiinga for LF, og veljast saman med redaktøren av Landsmøtet. LF vil dessutan hjelpe til ved arrangering av stemne og seminar.

- LF endrar innretting, både til å bli ein breiare organisasjon og til aktivt å utvikle kontakt, samarbeid og innflytnad i musikklivet utanfor LF sine grenser: Fleire gruppeformer enn reine kor og korps (t.d. visegrupper, songteater, storband) blir godtekne som medlemmer.

x) Førebels: Notebank Bergen, Avis Trondheim - praktiske grunnar.

Den sentrale plattformen reduserast og går over til å bli ein minimums formålsparagraf gruppene må godta for å vera med, men som gjerne kan supplerast lokalt (vi ønskjer velkomen både målkor, kvinneteater eller feskværsvisegrupper, utan difor å måtte legge ned dei raude kora og korpsa der dei er liv laga): Formålsparagrafen legg vekt på kulturspørsmål (kvar vi kjem frå, kvar vi skal av og korleis), sjølvråderett og nasjonalt likeverd, forsvar av demokratiske rettar. Namnet på Landsforbundet endrast tilsvarande (NB. Med dette er namnekonkurransen utlyst).

Vi knyter an til progressive tendensar i grupper og forbund utanfor ved å tilby notar, avisabonnement, spalteplass, skuleringsmateriale m.m., og ved å oppmuntre lokalt samarbeid. Konkret veit vi at det innan korpsforbundet i Noreg finst motstand mot amerikaniseringa og forflatinga av repertoaret. Vi har interesse av å hjelpe fram denne motstanden, og kan gjera det konkret ved å tilby dei annan musikk i ferdige arrangement, og ved å la motstanden koma til orde i avisa.

Dette føreset at avisa endrar karakter frå å vera rein medlemsavis og informasjonsorgan for leiinga i LF til å bli eit organ for frisk musikkdebatt, som rettar seg til langt fleire enn medlemmer og frelste.

- Sjølv om notebanken og avisa bør streve etter å bli mest mogleg sjølvfinansierte, vil dei etter alt å døme vera avhengige av medlemsgrunnplanet økonomisk, både ved kontingent og tidvise innsamlingskampanjer. Akkurat som dei lokale ensembla treng avisa og notebanken, vil notebanken og avisa trenge medlemsgrunnplanet som ei kjelde til finansiering, leiarar, stoff (reportasjar og innlegg, notar og kassettopptak), lokal agitasjon og distribusjon, og som politisk korrektiv.

- Dette framlegget inneber at m.a. følgjande prinsipp blir endra: Plattform og vedtekter treng ikkje lenger vera sams i alle detaljar. LF vil gå over til å godta fleire former enn kor og korps, og fleire politiske "nivå" enn det reine og raude. Leiinga i LF veljast ikkje lenger utan omsyn til geografisk plassering.

c) Grunngeving.

Kva trudde vi hausten -77 då vi oppretta Landsforbundet? Etter utgjevinga av plata Ridderslag ved årsskiftet hadde det byrja dukke opp raude kor og korps nær sagt som sopp etter regnver rundt om i landet. Vi trudde fullt og fast på at dei ca. 30 kora og korpsa vi hadde kontakt med ville vekse seg sterke og at nye ville koma til, slik at LF ville bli godt forsynt både med

kontingentpengar, leiarar og anna. Dette var fyrste feilvurdering. I oppbygginga av organisasjonen hadde vi tendens til å ta utgangspunkt i abstrakte prinsipp istandenfor i røynda: Vi ville ha ein organisasjon med sentralisme og demokrati - arbeidarklassen si organisasjonsform, sa vi. I leiinga for LF måtte vi plassere dei politisk og musikalsk sterkaste i heile LF, utan omsyn til kvar i landet dei heldt til og kor mykje det ville koste av tid, krefter og pengar å få leiinga til å fungere i praksis i høve til det leiinga kunne utrette. Dette var andre feilvurdering.

Vi hadde eit uklart syn på oppgåvene våre andsynes den progressive kulturen og den progressive kulturrørsla, for ikkje å seia andsynes musikklivet i Noreg som heilskap. I praksis la vi oss i starten på ei snever oppfatting av kva som var progressiv kultur, kven som kunne utvikle han, kva han skulle nyttast til, kva for gruppeformer som var viktige (kor/korps) m.m. Dette finn vi atterspegla i plattformen (som liknar eit prinsippprogram), vedtektene og i den praktiske innrettinga av arbeidet vårt.

Kva har desse 1½ åra synt oss? Over halvparten av kora og korpsa frå 1977 har forsvunne, i dag har Landsstyret kontakt med 12. Dette fråfallet skuldast både leiarmangel og rekrutteringsvanskar. Jamt over er det kora i dei store byane som har greidd seg best.


Landsforbundet har fått i gong avisa og notebanken, gjennomført eit landsstemne (Oslo mai -78) og drive i gong ei skuleringskampanje. Alt dette er positive ting vi bør bygge vidare på. Samstundes har desse tiltaka og hatt manglar, som har fått uttrykk i mangelfull oppslutnad. (Meir om dette i beretninga.)

Dei leiande organa (LS og Sekretariatet) har hatt stor avgang. Fyrste Landsmøtet valde 7 LS-medlemmer, av dei er no 3 attende, og LS har i praksis 4 fungerande medlemmer. Sekretariatet er totalt utskifta sidan LM, og har i dag 3 medlemmer. Ny redaksjon er oppnemnd av korstyret i Trondheim. Medlemene i dei leiande organa sit spreidd i Tromsø (2), Trondheim, Oslo, Kristiansand og Bergen (Sekretariatet), og eit LS-møte kjem på godt over 5000 kr. berre i reisepengar. Avgangen har fleire årsaker, men det er ikkje tvil om at leiinga er tungrodd og urasjonell slik ho er organisert i dag. Vidare har LF heilt frå starten vore eit underskotsforetak, ettersom leiinga i starten måtte fungere over eit halvår. før noka kontingentinnbetaling kom i gong. Inndrivning av kontingenten er framleis eit problem. Manglar i budsjett og rekneskapsføring fyrste halvåret skjerpa dette. LF har i dag ei gjeld på kr.15 000 til noverande og tidlegare medlemmer i LS og Sekretariatet - i stor grad reisepengar og naudsyn

investeringar. (Meir om dette under pkt. 3 - Økonomikampanja.)

Alt i alt kan vi oppsummere at vi på fleire vis har gapa for høgt, at det no er på tide å stikke fingeren i jorda og spørje oss sjølve og andre kva vi faktisk treng, og kva vi treng det til.

Her er ei skisse til ettertanke:



Når vi vil at musikken skal tene til å hjelpe vanlege folk i kampen for eit betre samfunn og ei betre verd, bør vi ikkje då starte med å spørje kva det er musikklivet i Noreg treng? Og ut i frå dette: Kva er det LF har som er liv laga?

I Landsstyret var vi samde om at det er bruk for somme raude kor og korps, som ope stor arbeidarklassen mot borgarskapet og har sosialismen som mål, og som går i brodden for å utvikle repertoar i denne retninga. Vidare er det bruk for notebanken og avisa, men med breiare målgrupper enn i dag.

Usenja i LS gjekk særleg på:

- Skal LF framleis vera ein medlemsorganisasjon, eller bør notebanken og avisa omgjerast til eit noteforlag som gjev ut eit tidskrift?
- Skal utvidinga av målgrupper gå i breidda eller djupna, dvs. til fleire progressive grupper/gruppeformer eller til å omfatte heile kor/korpsrørsla i Noreg - evt. eit stykke i båd retningar?

Konkret: Fleire medlemmer i "Varden" korps i Bergen kunne godt tenke seg å melde korpsset inn i korpsforbundet, for å koma på talefot med medlemene der m.m. Men då kan dei visstnok ikkje bli ståande

6

i LF, som er ein konkurrerande organisasjon. Samstundes er det korpsa som har sterkast behov for den hjelpa Notebanken kan gje, sidan arrangementkapasiteten utover landet er dårlegast her. Korleis løyser vi dette?

Likeeins vart det peika på at avisa og notebanken ikkje kunne nå over alle felt, og at å utvide LF til å omfatte visegrupper, songteater m.m. kunne styrke tendensen til "Tordenskjolds soldatar" innan den progressive kulturen. Mot dette vart det vist til positive røynsler med samarbeid lokalt (Tromsø, Trondheim) mellom ulike grupper og musikkfolk, det vart vist til at somme kor fall utanfor LF sine rammer og måtte gå ut då dei vart for få til å oppretthalde kor lokalt og danna visegruppe i staden (Narvik m.fl.). Teknisk vil det ikkje by på særskilte problem for Notebanken å føre eit breiare utval av arrangementstypar. (I alle høve vil Notebanken trenge betre kopieringsutstyr. I samband med dette vart det lufta å gjera Notebanken til aksjeselskap.)

Sidan desse spørsmåla i alle høve må drøftast grundig av medlemene, vart det ikkje stemt over dei ulike framlegga i LS. Skissa som er lagt fram ovanfor (under b)) uttrykker stort sett det synet som hadde flest talsmenn då diskusjonen i LS vart avrunda.

3) ØKONOMIKAMPANJA: GJER LANDSFORBUNDET GJELDFRITT FØR LANDSMØTET!

Som nemnt ovanfor, har LF stadig ca. kr.15 000 i gjeld, pengar lagt ut av noverande og tidlegare medlemmer i leiinga.

I haust starta vi ei økonomikampanje for å koma på rett kjøl. Av årsaker som de kjenner til, måtte kampanja utsetjast til i vår, og ho har enno ikkje fått den store susen over seg. Likevel finst det positive unntak: Den festen Oslo-koret og -korpset arrangerte i januar (sjå siste nr. av Gjallarhorn) er eit godt føredøme, som bør følgjast opp av andre.

Heilt avgjerande for utfallet er at styret organiserar økonomiarbeidet lokalt. Enno flyt det for mange stader.

Med pengane som til no er kome inn har vi fått redusert gamal gjeld. Samstundes er noko ny kome til (t.d. siste LS-møtet). Neste LS-møtet blir ikkje før dagen før Landsmøtet, og LF har førebels ingen andre store utgifter i sikte fram til då. (Kinaturen går heilt utanom den sentrale økonomien.) Det burde vera gode sjansar for å gjera LF heilt gjeldfritt før Landsmøtet, dersom alle no tek seg på tak. Kva seier de til det?

Fram for eit gjeldsfritt Landsforbund!

NB! Adressa: LRKK

Postboks 1737
5011 Nordnes

Postgiro 3 56 20 06

FORSLAG TIL VEDTEKTER FOR LF (FØRSTEUTKAST FOR NY STRUKTUR, MAI -79.)

- § 1. Formålsparagraf (Jfr. Kå,s forslag)
- § 2. Landsforbundet er en selvstendig, partipolitisk uavhengig organisasjon.
- § 3. Alle kulturorganisasjoner/grupper som slutter opp om LF,s formål og som godtar organisasjonens vedtekter kan bli medlem.
- § 3B. Organisasjoner og enkeltpersoner ~~XX~~ kan tegne støtte/abbonnementsmedlemskap, som vil gi adgang til LF's tjenester til reduserte priser.
- § 4. Medlemsorganisasjonene forplikter seg til å betale kontingent, samt å holde LF jevnlig underrettet om virksomheten sin. (F.eks. hel/halv-årsmelding e.l.)
- § 5. Kontingenten er delt i ulike satser, etter organisasjonens størrelse. Landsmøtet fastsetter satsene for LM-perioden. Kontingenten skal betales halvårsvis, og må være betalt innen hhv. 28/2 og 30/9. I motsatt fall skal organisasjonen regnes for utmeldt.
- § 6. Landsmøtet er LF's høyeste organ. LM blir vanligvis innkalt hvert 2. år. Landsstyret kan, om spesielle forhold skulle tilsi det, framskynde eller utsette et LM. Innkalling til LM skal skje minst 2 mnd før LM.
- § 7. Alle medlemsorganisasjoner kan sende en representant til LM. Støttemedlemmer har tale og forslagsrett, men ingen stemmerett, på LM.
- § 8. LM skal drøfte beretning og regnskap for foregående periode. Det skal dra opp hovedretningslinjene for LF's arbeide i kommende periode, sette opp budsjett, velge Landsstyre og revisorer. Særlig store tiltak (F.eks. Stevne), samt bindende samarbeid med andre organisasjoner må vedtas av LM.
- § 9. Vedtak på LM krever simpelt flertall. Tiltak som nevnt under § 8.2 krever 2/3 flertall.

- § 10. Ekstraordinært Landsmøte skal innkalles dersom 1/3 av medlemsorganisasjonene krever det.
- § 11. Landsstyret er LF's ledelse mellom hvert LM. LS skal arbeide i tråd med de retningslinjer som LM trekker opp for arbeidsperioden. LS skal fortrinnsvis være geografisk samlet. LS består av 5 personer, hvorav en skal være redaktør. Redaktøren velger selv redaksjon, som skal godkjennes av LS. Forøvrig konstituerer LS seg selv.
- § 12. Oppløsning av LF kan bare vedtas på LM, og krever 2/3 flertall.

KOMMENTARER TIL VEDTEKTSFORSLAG:

Generelt: Jeg har prøvd å skjære inn til beinet mht. innhold og omfang. Hele organisasjonsstrukturen blir enklere nå, og dessuten har vi liten bruk for papirbestemmelser som vi likevel ikke kan følge opp. Kan hende er det hele blitt for lite forpliktende. Den konkrete ordlyden kan nok og med fordel endres en del steder.

Til § 1. Ingen komm.

2. - " -

3. Bør vi ha noe "silings"-apparat, dvs. skal nye org. ~~bl~~ godtas formelt, eller tar vi bare imot de som kommer med åpen favn ?

3b. Dårlig formulert. Meningen er å åpne for et formalisert samarbeid med org. som av en eller annen grunn ikke ønsker å bli medlemmer, samt enkeltpersoner. Skal disse betale noe for dette må de kunne tjene det inn på et vis, gjennom f.eks. billigere noter etc. Problemet er at vi vil tilby våre tjenester til Fanden og hans oldemor uansett, slik at kontingentsatsen her må bli ganske lav, evt. fordelene ganske store. Er der behov for en slik formalisert ordning ?

4. Kan vi kreve mer ? Klarer vi å følge opp det som står her ? Skal vi vedtektsfeste en ordning med aviskontakter ?

5. Vi bør avgjøre om kontingentsatsen skal være to-tre-delt, eller en sats pr. medlem i Gr.-org. Vi må holde på fristene.

6. Vi har neppe ressurser til hyppigere LM. Det burde og være unødvendig.

7. Jeg tror det er unødvendig med gradert representasjon.

8. Ingen komm.

9. Andre forholdstall ved votering ?

10. - " -

11. Skal vi formalisere og spesifisere mer? Er nok litt påvirket av planene for 1. periode.

12. Ingen komm.

VISER ELLERS TIL STYREBULLETTIN MAI -79.

FR/SEKRETARIATET.